

# STØLSMESSE

- I Vandring til stølen
- II Stølsmessa
- III Kyrkjekaffe / stølsmat – felleskap – ”den gode praten”

## I VANDRING TIL STØLEN

*Før messa kan ein ha ei vandring som let buferdstradisjonane gje impulsar til og minne oss om den vandringa livet er. Vandringa treng ikkje vera så lang slik at så mange som mogleg kan bli med.*

### 1. STASJON - Oppmøtestaden

L: Vel møtt til vandring til .....stølen der vi skal feire stølsmesse saman!  
Som innleiing til stølsmessa skal vi ved ei kort vandring la den rike buferdstradisjonen gi perspektiv på livsvandringa.  
( *Her kan ein nemne lokale tradisjonar* )

Det er sagt mange stader i bispedømmet vårt, at trass i mye og hardt arbeid var stølslivet ”ein flik av paradiset”. Midt i alle førebuingane før ein drog til stølen, bar ein i seg forventingar, draumar og håp om gode dagar på stølen.

Slik vert vi som vandrane kyrkjelyd på veg til stølen mint om at vi alltid er ”pilegrimar på veg til paradiset”.

Under buføringa vandra dyr og menneske i lag. Dyra var ofte avhengige av å bli leda og passa på av budeia eller andre. På same måten har vi ein som følgjer med oss og som har sagt:” ”Eg er den gode hyrde. Eg kjenner mine”.

**Salme:** med hyrdemotiv / vandremotiv?

Utsending: Livsvandringa og buskapens ferd ut i utmarka er farefull. Det var med respekt for både naturkrefter og andre makter ein sendte dyra ut av gardstunet. Ein hadde behov for vern mot vonde makter. Derfor helsar vi kvarandre med det ønsket ein i gammal tid sendte folk og dyr til stølen med: **Gå i Jesu namn !**

### EVT 2. STASJON (ved lengre vandring)

Ved lengre vandringar til stølsmessa kan det være fleire stader ein kan stanse og fortelje om: Lokale tradisjonar om staden ein stopper ved.

Stanar ein ved ein bekk kan ein fortelje om respekten for vatnet før og no.

Bøn for å hente vatn, om kvelden:

*”Gu Gu’kveld vassbol!*

*Seint går e ut,*

*Tile kjem e fram.*

*Her tek e vatn i Jesu navn.”*

Om moronen:

*”Gu’mår’n vassbol!*

*Tile gjekk e ut,*

*Seint kom e fram.*

*Her tek e vatn i Jesu navn.”*

*(frå Vestre Slidre, henta frå Knut Hermunstads Manns Minne 1944)*

## II STØLSMESSA

### **1 Kalle saman**

*Kyrkjelyden kan kallast saman av klukkelått på fele eller langeleik. Nokre stader er det tradisjon for blåsing på lur eller eit anna blåseinstrument.. Eit alternativ er og ein ku- eller geite/sauelokk, men for å unngå komikk bør ein kan hende minne om hyrdemotivet som ligg i den tradisjonen.*

### **2 Musikk**

### **3 Vi ”skaper det heilage rommet”**

L: Nåde være med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!

Jorden høyrer Herren til! Han gjer alle stader heilage.

Denne stølsvollen er helga av:

Jorda sine rike gåver og himmelens nærhet, av buferdsdagens høgtid og stølslivets daglege rytme. Han er helga av budeiene sitt fellesskap, av at mannfolka kom og familien var samla att i helgene

- og av barndommens somrar.

Her har mange opplevd ”ein flik av paradiset”.

Husa som omkransar oss minner oss om århundre med liv her.

Kjenn jorda som bær oss!

Sjå fjellet / skogen som vernar oss og gir ly! ( evt. sei noko fjellet / skogen)

Sjå himmelkvelven over oss! Sjå himmelen over oss.

Høyr vatnet i bekken!

Lukt/pust inn angen av gras / blomar! ( evt. sei noko det vegetative)

*(Må ta omsyn til lokale forhold)*

Gud tar imot oss her.

**Alle: Herren er min hyrding,  
det vantar meg ingen ting.**

**<sup>2</sup> Han lèt meg liggja i grøne enger;  
han fører meg til vatn der eg  
finn kvile,**

**<sup>3</sup> og gjev meg ny kraft.**

**Han leier meg på dei rette stigar  
for sitt namn skuld.**

**<sup>4</sup> Om eg så går i dødsskuggens dal,  
ottast eg ikkje for noko vondt.**

**For du er med meg.**

**Din kjepp og din stav,  
dei trøystar meg.**

**<sup>5</sup> Du dukar bord åt meg  
framfor augo på mine fiendar.**

**Du salvar mitt hovud med olje;  
mitt staup fløder over.**

**6 Berre godleik og miskunn  
skal fylgja meg alle mine dagar,  
og eg skal bu i Herrens hus  
i lange tider.**

#### *4 Salme*

#### *5 Kyrie*

L: Vi er nær naturkreftene. Vi er ein del av dei våre og fine trådane mellom alt levende. Vi veit at jorda er truga - og vi sukker med heile skapningen:

**A: Kyrie eleison. Kriste eleison. Kyrie eleison.**

#### *6 Gloria*

L: Vi er i det nære samspelet mellom natur, dyr og menneske. Naturen er gåvmild og menneska gjestfrie. Vi syng med heile skapningen.

L: Ære være Gud i det høgste!

**A: Og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i. Vi lovar deg! Vi prisar deg!  
Vi tilbed deg! Vi opphøyer deg! Amen**

L: Takk himmelske Far, for den vakre jordas  
og for himmelen som reiser seg over oss.  
Takk for di rause skaparhand, for grøde og dagleg brød.

Takk Jesus Kristus, for din nåde og omsorg.  
Som budeiene kalla buskapen saman til nattero og melking,  
kallar du oss til tryggleik og teneste.

Takk Heilage Ande, for at vi har får samlas her på stølen for å hente kraft og styrke, kjenne fellesskap og glede.

Amen

#### *7 Tekstlesing – lovprisande tekst*

#### *8 Salme*

#### *9 Preike*

#### *10 Truvedkjenning*

#### *11 Salme*

#### *12 Forbøn*

L: Lat oss takke og be:

Livet og venleikens Gud, takk for denne staden, for det vakre, for tid og historie. Hjelp oss å hente næring av det som har gått før oss, og gi oss tilhørighet og fellesskap.

Vi ber deg!

**A: Herre høyr vår bøn!**

Omsorgsfulle Gud, takk for denne stad kor menneske har henta næring og krefter til nye dagar.

Hjelp oss å verne om alle som treng omsorg og styrke, og gi oss å bygge eit rettferdig samfunn.

Vi ber deg!

**A: Herre høyr vår bøn!**

Rause Gud, vi er på ein stad kor menneska er og har vore gjestfrie.

Takk for dei gåvene naturen raust gir oss.

Gi oss å ta vare på skaparverket ditt og dele gåvene dine rett.

Vi ber deg!

**A: Herre høyr vår bøn!**

Oppbrotet sin Gud, vi er på ein stad ein har vandra til og kvar ein om hausten har måtte reise frå. Takk for at livet aldri står stille! Kall oss til nye oppbrot for livet og menneska si skuld!

Vi ber deg!

**A: Herre høyr vår bøn!**

### *13 Salme*

#### *14 Velsigning*

L: Lat oss prisa herren

**A: Gud vere lova Halleluja, Halleluja, Halleluja.**

L: Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.

**A: Amen. Amen. Amen.**

### **III Kyrkjekaffe / stølsmat – felleskap – ”den gode praten”**

- *Til stølsmessene høyrer kyrkjekaffe /stølsmat, og her får vi del i gjestfridom og den gode praten som har høyrd til på stølane. Her er det fint å verta ynskt velkommen av budeia, verten/vertinna og kan hende kan ein og få med seg ei og anna historie/orientering om den stølen/plassen ein no er.*